

Ordfører Ola Teigen
Flora Kommune
6900 Flora

Førde, 6. mars 2019

Ekspedisjon av gods på øyane i Florabassenget.

Viser til samtale i dag ang. ekspedisjon av gods på Fanøy, Askrova og Svanøy.

Det er Fjord1 som har kontrakt med fylkeskommunen om båtrutene til og frå øyane i Flora Kommune. Frå og med 1. januar 2018 sa Fjord1 opp avtale om godsekspedisjon reiarlaget hadde med Nærbutikken Tansøy, Nærbutikken Svanøy og Nærbutikken Batalden. Motivet for oppseiing var kostnadskutt og Fjord1 meiner at båtmannskapet kan utføre same jobben som ekspeditørane på øyane utførte gjennom avtalen.

Erfaringa på øyane er annleis. Vi opplever frustrasjon over måten gods vert handtert på. Gods vert i dag sett på kaia i all slags vær, utan tilsyn og i mange tilfelle utan at mottakar har mulegheit for personleg frammøte. Folk er gjerne på jobb i Florø og dermed vert godset ståande på kaia i påvente av henting.

Vi kan ikkje forstå anna enn at transportør her bryt transportvilkåra når vara ikkje vert levert mottakar. Levering med personleg frammøte skjer i dag berre tilfeldig. Vi ser døme på at øltønner (til proffbruk) vert sett på kaia utan tilsyn. Vi har døme på at Fullgjødsel, som av PST vert sett på som eksplosjonsfarleg, vert sett på kaia i storsekk utan tilsyn. Slik handtering av gods vart tidlegare unngått ved at kjøpmannen transporterte godset inn på butikklageret.

Til samanlikning ville ei ordning utan ekspeditør på kaia i Florø neppe bli akseptert. Det strir mot vanleg prinsipp om likehandsaming å ha anna praksis på øyane.

Butikkane har investert i utstyr (truck, traktor) for å handtere gods på kaia. Det vere seg også rydding av pallar og div emballasje som gjerne samlar seg på kai og tek plass. Kaiane er gjerne smale og trange og når pallar og tomemballasje samlar seg på kaia i tillegg til materialpakkar og anna gods, så vert det vanskeleg å halde orden og få handtert godset. Bilar skal av og på båten også. No er det ingen som tek seg av dette og øyfolket ønskjer seg tilbake til ei ordning der butikkane tek ekspeditørrolla og tek ansvar for godset og kaiområdet.

For å få forsvarleg handtering av gods og trafikk over kaiane i Florabassenget, ber vi om at det i kravspesifikasjonen i anbudet vert formulert eit pålegg om å ha ekspeditør på kvar av øyane. Nærbutikkane på Svanøy, Batalden og Askrova er klar for å påta seg denne rolla.

I inneverande anbudsperiode var ordlyden i kravspesifikasjonen at det var ønskje om ekspeditør på kvar av øyane, men ikkje noko krav. Vi ser konsekvensen av dette når kontraktsparten Fjord1 i iveren etter å spare pengar, seier opp avtalen midt i perioden utan å ta omsyn til kvaliteten på tilbodet. Dette er neppe avklara med oppdragsgjevar. Dersom ein formulerer ekspedisjon på øyane som eit krav i anbudet, vil vi sikre ei god handtering av gods på øyane etter 2020.

Vi håpar fylkeskommunen ser at ordninga med ekspeditør på øyane sikrar den beste løysinga og at ny kontrakt bind kontraktspart opp til ei slik ordning.

Beste helsing

Ronny Mowatt
Merkur-konsulent

P.S.

Merkur-programmet er Kommunal og moderniseringsdepartementet sitt verktøy for å sikre og utvikle vare- og tenestetilbodet i distrikta. Butikkane i Flora-bassenget er såkalla Merkur-butikkar og vert sett på som viktige samfunnsaktørar i lokalsamfunna. Det er i den samanheng, og i forståing med ordførar Ola Teigen i Flora Kommune, at Merkur-konsulenten gjev fråsegn til anbudsutlysinga.